

& REPORTASJE

Send inn tips til e-post:
post@osogfusa.no
 eller ring 56 30 29 50



DOTTERA: Olav si dotter Magni Mjånes overtok husa på Mjånes i 2009. Ho er oppvaksen på Grimseid og hugsar Sævar-eidfjorden om somrane som born. No er feriestaden blitt heilårsbustad for ho. (Foto: Morten Holmefjord)



SNIKRAR I VEG: i snikkarbua på Grimseid har det blitt mange krakkar, leiker i tre og bunadsskrin opp gjennom åra. (Foto: Morten Holmefjord)



ELDSTE LØA: Olav overtok heimgarden i Fusa i 1987 etter at onkelen Invald Mjånes hadde gått bort. Olav har brukt svært mykje tid på setja i stand hus og tunet. Løa blir påstått å vera frå 1500-talet, og skal vera den eldste i Fusa. Tunet var ope for publikum under Kystsogeveke i fjor. (Foto: Morten Holmefjord)



Tre stolar til Gerhardsen

– Det bles så kollossalt at me hadde motoren i gong og ankeret ute. Dagen etter såg me nota deira som låg inne på Byrkneset. Det var voldsomt trist å sjå.

Det er forliset av «Lindøy» søndag 10. februar 1946 som gjorde så sterkt inntrykk på den unge sævareidfjordingen Olav Mjånes. 20 menn omkom, halvparten frå Austevoll.

Sildesniparen «Lindøy» skulle sør- over på vintersildfiske. Fiskebåten gjekk rundt då dei tok ytre leia i kulingen som hadde storm i kasta. Nokre av dei redda seg opp på kjølen, men strauk sidan med då «Lindøy» nådde land.

Kald sommar

Denne dagen er det etter kalenderen visstnok sommar, men heller kaldt då me besøker Mjånes i Ytrebygda i Bergen. Me sit i den hyggelege stova i Grimseid-vegen. Han er no 91 år og har vore åleine dei siste åra. Me har ikkje noko anna til felles enn fascinasjonen for livet på fjordane og langs kysten i farne tider. Under- teikna skulle ønskt at han hadde fått vore med på det. Olav var med på det – om det så berre var ein vinter.

Ei stund seinare denne vinteren i 1946, var dei i Sunnhordland. Båten var «Holmefjordane» sin «Delfin 1». Olav låg i baugen på gavlabåten, saman med to, tre andre.

– Det var ein merkeleg gamal motor i, for han skulle ha vatn òg. Og så måtte du snu på svinghjulet og få det akkurat på ein bestemt plass for at han skulle starta, seier han med dette melankolske lærars- milet.

Ein felles kjenning – den tida ein grei og hyggeleg kar – skulle vera kaptein og læra Olav opp.

– Han var ein kar som tok seg god tid framfor spegelen for å kamma sveisen, sjølv om kvelden når dei skulle gå til ro, fortel Olav.

Til slutt fekk han gå frå Færøysund til Leirvik åleine for å plukka opp meir mannskap i snøveret.

1/2 meter frå døden

Etter tomme kast ved Ryvarden lenger sør, heldt det på å gå galt.

– Me hadde lagt oss til der i ei vik. Det var lett skodde og så bles det opp. Nokon kom slepande på ei skute, men såg oss ikkje.

Dei fire i gavlabåten høyrde korleis dei ropte og skreik inne på skøyta, før dei som kom slepande på ei skute knuste ragt i baugen på gavlabåten.

– Då var me ein halvmeter frå døden,

seier Mjånes.

– Han traff på toppen, heldigvis, for me låg og sov med hovuda mot baugen. Gavlabåten som er nemnt her, låg sidan som vrak på eit skjer ved Svananeset i Eikelandsfjorden.

Med Martin og Trygve til Oslo

Men livet gjekk vidare. Olav Mjånes gjekk mellom anna eit år på Fana folkehøgskule på Store Milde. Her gjekk han saman med Torbjørg Holdhus, som han hugsar godt som ein av dei skarpaste på heile skulen. – Eg fann ut at eg fekk til eit og anna med hendene. Så tenkte eg å ta snikkarutdanning. Møbelsnikring og slikt, fortel han.

Så byrja han hos Alfred Dalland i Strandvik, der han likte seg godt. Men guten ville vidare og onkelen Magnus tipsa han om Statens husflidsskule på Blaker på Oslo-kanten.

– Eg måtte ha papir på at eg hadde vore ved ein snikkarverkstad i eitt år. Det hadde eg ikkje, men Alfreden var så grei at han gav meg eitt år på papiret, humrar Mjånes.

På skulen gjekk han saman med dei to andre fusingane, Martin Skjelbreid, ein



SÆVAREIDMANN PÅ GRIMSEID: Sjølv om det går opp og ned er den 91 år gamle Olav Mjånes stadig i full swing med ulike handterveysysler der han no bur på Grimseid i Fana. (Foto: Morten Holmeffjord)

kjernekar som vart rektor på Arna yrkeskule, og Trygve Leigland, som seinare fór til Finnmark.

Tussete av stov

På denne tida var det mange små møbel-fabrikkar. Ein av desse var Lenestolfabrikken i Ytre Arna. Der vart han driftsleiar i fem år.

– Men du veit korleis det var den gongen – ikkje avsug, ikkje høyrslavern, så eg vart heilt tussete. Eg klarte det ikkje lenger og måtte seia meg opp.

Fana høge allmennskule søkte etter teikne- og sløydlærar på desse tidene.

– Eg hadde ikkje tenkt å søkja, men ville ta meg ein tur opp til rektoren for å spørja om kva jobben gjekk ut på. Eg søkte ikkje på jobben, men ein dag fekk eg beskjed om at eg var innstilt som lærar. Rektoren hadde til og med skaffa hybel til meg, fortel han.

Sikkert allright

På denne skulen var han i åtte år, før det vart den nye skulen på Storetvedt. Der var han nokre år til, før dei bygde ny skule i Ytrebygda.

– Det låg så lagleg til for meg at eg

kunne gå dit. Der var eg i mange år.

Mjånes hadde både gymnastikk og sløyd desse åra.

– Det skulle heita forming, ikkje sløyd, det var visst ikkje moderne nok det. Det er visst gått over til forming alle stader no. Jaja, det er sikkert allright det, seier sløydlæraren.

Snikkarbu

Han vart gift med ei dame frå Etne som var lærar på Skjold skule. Dei budde i ei lita leilegheit i Krohnåsen. Det var lite og lydt. Det som skulle bli huset deira, var først berre ei hytte med grunnmur for påbygg, utan vatn og kloakk.

– Eg visste det var mykje arbeid, men eg tenkte eg kunne ta det på lang sikt, fortel Mjånes.

– I 1967 flytta me hit til Grimseidpollen.

– Jadå! Seier han, for å bryta opp.

– Eg har lyst til at du skal få vera med meg ned, for eg har ein hobby eg driv med i snikkarbua.

Me går ned trappene og over plenen til bua der han har brukt mange timar gjennom åra. Her er det krakkar, leiker i tre og bunadsskrin til søljer og bringe-

dukar.

Mellom anna er det mykje dekkfinér der inne.

– Alfreden (Dalland) bydde meg å overta verkstaden, men det kunne eg ikkje. Men han hadde mykje slikt lig-gjande, tvinger og andre reiskapar. Det fekk eg, utan at han tok noko føre, fortel han.

laga stot til Gerhardsen

Olav har mange teikningar liggjande i ein kasse. Arbeidsteikningar på knitrande kalképpapir teikna med spiss H-blyant, og fleire studium i lys og skugge. Ein korintisk kapitél (toppen av ei søyle) frå Lysikratesmonumentet i Athen. Toppstykket på ein kyrkjestol. Og så Kallen og katten med dynamitt under magen. Dette ler me godt av.

Den tida han gjekk på Blaker var det ikkje noko finansiering. Ein kunne ikkje låna pengar, så skulen måtte finna kjøparar til det dei lagde. På Blaker var rektoren ein AP-mann frå Bergen. Ein dag fekk dei storfint besøk.

– Eg hugsar eg heldt på med ein stol, og høvelbenken stod rett utanfor døra til lærarkontoret. Så gjekk døra opp og

så seier han rektoren: «Hei du, stril, her skal du få hilse på han som skal ha stolene dine». Eg snudde meg og der stod hoen meg Gerhardsen. Og kona óg. Så fekk eg helsa på dei både to.

Slik enda eit hjørneskåp i eik og tre stolar opp i Sofienberggata 61 D, der Landsfaderen budde frå 1949.

Etter meg

Underteikna må gå. Timen med sløydlæraren er over.

Olav har vore enkjemann i fire år. Kona hadde alzheimers. Teikningane blir lagt tilbake i kassen.

– Det blir vel brent opp dette, seier sløydlæraren, noko me forsikrar han om at er svært lite sannsynleg.

– Men eg har eit oldebarn som er designar og bur i Paris. No er ho visst i Milano. Kanskje ho har fått nokre evner etter meg?